

Fiskeridirektoratet  
[postmottak@fiskeridir.no](mailto:postmottak@fiskeridir.no)

## **PELAGISK FORENING SI UTTALING PÅBUD OM BRUK AV FANGSTBEGRENSNINGSSYSTEM I SNURRE- VAD I BESTEMTE OMRÅDER I 2022**

Pelagisk Forening viser til brev av 30.3.21.

Pelagisk Forening er kritisk til prosessen, og grunnlaget for forslaget.

For det første er høringsfristen berre fem dagar. For det andre er forslaget ikkje konsekvensutgreia i det heile tatt.

Det synest ikkje som om direktoratet har vurdert konsekvensane for flåten, om naudsynt utstyr er tilgjengeleg på kort tid, tap i fangstinntekter, kostnader eller liknande.

Direktoratet opplyser at Sjøtenesten har fått «flere tips om snurrevadsprenginger», og «fått informasjon om sprenging av snurrevad». Det synest ikkje som om Sjøtenesten sjølv har observert snurrevadsprengingar. Forslaget synest såleis å vera basert på annanhandsinformasjon. Det er tvilsam praksis å innføra forbodsreglar basert på annanhandsopplysningar.

Det synest òg som om direktoratet har ikkje vurder om det er ulike grad av fare for sprenging avhengig av storleiken på fartøya. Det er slik at store kystfartøy, med lasteromsvolum på 4-500 m<sup>3</sup> har kapasitet til å handtera fangstar på 100 tonn. For mindre fartøy, som fartøy under 15 meter, er situasjonen sjølv sagt ein heilt anna.

Direktoratet har heller ikkje vurdert kor i snurrevadane fangstbegrensningssystem skal monterast. Om påbødet blir vedtatt kan såleis dei som ønsker det montera Dei som vil kan såleis montera opninga så langt framme i snurrevadsekken at det i røynda ikkje reduserer kor mykje fisk som kan gå i sekken. Dette illustrerer at forslaget er lite gjennomtenkt.

Pelagisk Forening ser at store fangstar kan verka negativt på kvaliteten på fisken, men det er sjølv sagt ikkje det same som neddreping.

Pelagisk Forening meiner at før forslaget eventuelt blir vedtatt må det konsekvensutgreiast, og sendast på høyring på vanleg måte.

Dersom direktoratet likevel finn å vedta påbodet no, så må det skiljast mellom store og små fartøy.

Bergen: 4.4.22

Pelagisk Forening/  
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland  
Advokat



Mariann Frantsen  
Dagleg leiar